
Saksnr: 2021/5653-4
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen
Dato: 25.02.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør - avdeling for innovasjon og næring

Tilskot til breiband 2021 - fylkesfordeling

I ordninga for 2021 er det løyvd totalt 264.082.000 kroner i statleg støtte. Midlane er fordelt etter fordelingsnøkkel som er utarbeidd av Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD), i samråd med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom). Fylka har gjennom Nasjonalt breibandråd og i møter med KMD og Nkom kome med innspel til fordelinga. Tabellen under viser fylkesvis fordeling for 2021.

Fylke	Fordeling samla 2021	Samla statleg støtte 2021 i kr
Agder	5,7 %	14 924 031
Innlandet	16,8 %	44 401 868
Møre og Romsdal	5,2 %	13 639 017
Nordland	10,2 %	26 891 333
Oslo	0,1 %	274 038
Rogaland	4,9 %	12 923 689
Troms og Finnmark	6,3 %	16 514 320
Trøndelag	13,0 %	34 397 354
Vestfold og Telemark	8,8 %	23 199 643
Vestland	8,3 %	22 042 082
Viken	20,8 %	54 874 626
Norge totalt	100,0 %	264 082 000

Fylkeskommunen sitt vedtak om kva prosjekt som skal få støtte, må oversendast Nkom innan 1. august 2021. Nkom kan gje fylkeskommunane utsett frist dersom særlege forhold tilseier dette.

Før den tid må kommunane prosjektera og melda inn utbyggingsprosjekt som kjem inn under tilskotsordninga.